


## Maneten som lever evig

Dei fleste små sjødyr går gjennom fleire heilt ulike stadium i livet. Vaksne sniglar, skjel, krepsdyr, sjøstjerner, kråkebollar og korallar lever på havbotnen, men ungane deira er gjennomsiktige larvar som driv rundt i vatnet. Etter ei stund slår larvane seg ned på havbotnen og forvandlar seg til dei vaksne dyra vi kjenner igjen.


Maneter har ein heilt spesiell oppvekst. Når manetlarvane slår seg ned på botnen, festar dei seg til ein stein og veks til noko som liknar på ein plantestilk. Dette blir kalla ein polypp. Etter kvart som polyppen veks, dannar det seg bitte små skiver ytst som losnar og sym av garde som minimaneter. Når dei blir store, gyter dei egg som blir klekte til nye larvar – og så byrjar det heile på nytt.

Dei fleste manetene døyr ei stund etter at dei har formeira seg. Men forskarar har oppdaga ei heilt spesiell manet som kan leve evig! Ho finst i Middelhavet og ved Japan, heiter *Turritopsis nutricula* og har fått kallenamnet «den udøyelege maneta». Når ho har formeira seg, krympar ho til ein klump som dalar ned igjen til havbotnen, festar seg til ein stein og dannar ein ny polypp, slik at ho kan byrje på livet på nytt! Maneta kan sjølsagt døy dersom ho blir sjuk eller eten opp, men elles lever ho berre vidare og vidare.



Maneten *Turritopsis nutricula* kalles «den udødelige maneten».

Forskarar er veldig interesserte i å finne ut korleis cellene til den udøyelege maneta forvandlar seg tilbake til «barnestadiet» i staden for å døy. Dersom dei finn ut av det, er vi kanskje eit steg nærare draumen om evig liv, som nokre har?





# Teikneserie

Lag ein teikneserie som viser livssyklusen til ein manet.

